




# PLANPROGRAM

## Reguleringsplan for Erdal

Områderegulering (jf. Plan- og bygningslova § 12-2)  
med konsekvensutgreiing (KU)



Framlegg til høringsutkast juni 2017

## INNHALD

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>3</b>
Bakgrunn.....	3
Føremål med planarbeidet.....	4
Grunngjeving for utreiingsplikt.....	4
<b>2 Planområdet.....</b>	<b>5</b>
Beliggenheit og avgrensing.....	5
Eigarforhold.....	5
Status for planområdet i dag.....	5
<b>3 Overordna føringar.....</b>	<b>6</b>
Statlege bestemmelsar og retningslinjer.....	6
Kommunale planar og føringar.....	6
<b>4 Utreiing og metode.....</b>	<b>6</b>
Metode.....	6
Utgreiing og vurderingstema for planarbeidet.....	7
<b>5 Vidare prosess og medverknad.....</b>	<b>8</b>
Planprosess og framdrift.....	8
Medverknad.....	9

# 1 Innleiing

## Bakgrunn

Etter fleire innspel om behov for å vurdere kaietablering i Lærdal kommune, vedtok kommunestyret i møte 09.02.17 fylgjande:

*Kommunestyret stiller seg positiv til framtidig etablering av hamneanlegg og tilhøyrande næringsareal i Lærdal. Kommunestyret ber om at det vert vurdert lokalisering av eit slikt anlegg. Kommunestyret ber vidare om at det vert lagt til rette for oppstart av planarbeid med frist til neste møte i kommunestyret.*

Administrasjonen sette saman ei arbeidsgruppe, som arbeida fram «Etablering av ny kai i Lærdal – vurdering av behov, funksjon og lokalisering». I prosessen med å utarbeide dokumentet, tok ein for seg heile strandsona innanfor kommunegrensa, og vurderte kva som kunne nyttast til kai. Etter ein siliingsprosess, stod ein att med 7 alternativ, som vart lagt fram etter prioritert liste kva som var best eigna. Kommunestyret fekk sak om avklaring av det vidare arbeidet til handsaming 30.03.2017, og gjorde då fylgjande vedtak:

*Da det nyleg har komme ny informasjon på bordet omkring arealbehovet ved kaietablering i Lærdal, ber Kommunestyret om at det blir det blir arbeida vidare med om dette er avgjerande for den prioriteringslista som ligg føre, og om det vil endre på val av lokalisering.*

*Kommunestyret ynskjer at det blir arbeida vidare med to av områda for lokalisering: Erdal som eitt område (ytre og indre), samt Bermålviki.*

*Kommunestyret ynskjer vidare utredningar på nemnte lokaliseringar. Her under avklaringar mot arealbehov, aktivitet på det aktuelle området, avklaringar mot øvrige myndigheiter, natur- og kulturverdiar, naturgitte forutsetningar, økonomi og finansiering, konsekvensar for nærrområde, aktuelle aktørar for samdrift, etc.*

*Eksterne utgifter blir å dekke frå næringsfondet.*

*Ramma skal godkjennast av formannskapet.*

Arbeidsgruppa som har arbeida fram saka, består av arealplanleggjar, byggjesakshandsamar, leiar Tekniske tenester, leiar Lærdal Næringsutvikling og rådmann. Gruppa har hatt møte etter møte i kommunestyret 30.03.17, og kom der fram til at for å få dei svara som kommunestyret spør etter, vil det vera mest effektivt og riktig å gjennomføra prosess for områdereguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU) både på Strendene og i Erdal. Samstundes vil LNU gjennomføre eit eige prosjekt, som skal handle om sjølve kaiutbygginga (behov, logistikk, finansiering, eigarskap, drift osv).

Då kommunestyret har vedteke gjennom Kommunal Planstrategi 2016-2020 at Kommuneplanen sin arealdel skal reviderast og det ligg an til oppstart av planarbeid hausten 2017, er det ynskjeleg å sjå planarbeidet på Strendene og i Erdal i samanheng med kommuneplanarbeidet. Verken Strendene eller Erdal er omfatta av reguleringsplan, berre grovmaska, utdatert kommunedelplan. Det er eit behov for å vurdere vidare arealbruk i området, og administrasjonen ynskjer at når ein

fyrst no er inne i desse områda med omfattande planarbeid, kan dette sjåast i samanheng med det planlagde arbeidet med arealdelen i kommunen. Ved å gjennomføre Områdereguleringsplan med KU for utvalde tema for begge områda, og ved å utvide planområdet til å gjelde litt meir enn berre kaietableringa, så får ein med det same gjennomført eit godt grunnlagsarbeid til arealdelen. Dette vil ikkje seie at heile planområdet må konsekvensutgreiast, dette vert prioritert i dei områda som er mest aktuelle.

Framlegg til Planprogram (høyringsutkast) er utarbeida av administrasjonen. Administrasjonen var på synfaring med grunneigarane i Erdal 09.06.2017.

I medhald av plan- og bygningslovas § 4-1 skal reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknadar for miljø, naturressursar eller samfunn verte utreda nærare. Planarbeidet vert starta med utarbeiding av eit planprogram for å avklara rammebetingelsane for planframlegget i medhald av Forskrift om konsekvensutgreiingar av 2014-12-19-1726. Føremålet med planprogrammet er at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn skal bli teken i betraktning under førebuinga av planen og tiltak. Planprogrammet skal syna korleis planprosessen skal gjennomførast, slik at ein oppnår medverknad og forutsigbarheit tidleg i planprosessen.

### **Føremål med planarbeidet**

Vurdere framtidig bruk av areala i Erdal. Vurdere nye utbyggingsområde for i hovudsak kaietablering med næringsareal, bustadføremål og område for fritidsbusetnad.

### **Grunngjeving for utredningsplikt**

I medhald til plan- og bygningslovens § 12-10 første ledd, jf. § 4-2 med tilhøyrande forskrift skal det utarbeidast konsekvensutgreiing i samband med planarbeid for Erdal. Planarbeidet fell inn under KU-forskrifta sitt krav om utredningar gjennom fleire ledd blant anna:

I forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter Plan- og bygningslova, står i § 2- planar som alltid skal handsamast etter forskrifta:

§2 d) Områdereguleringar og detaljreguleringar på meir enn 15 dekar, som omfattar nye utbyggingsføremål

I tillegg står i §3- planar som skal vurderast nærare om krav til KU etter vedlegg II:

§ 3 a) Områderegulering som inneberer andre vesentlege endringar av kommuneplan

Vedlegg II: Infrastrukturprosjekt e) bygging av vegar, hamn og hamneanlegg

Vedlegg III: Fleire punkt er gjeldande for planarbeidet

## 2 Planområdet

### Beliggenheit og avgrensing

Planområdet ligg ved Sognefjorden, om lag 5 min køyring vestover langs fjorden frå kommunesenteret på Lærdalsøyri. Planområdet ligg i strandsona og mykje av arealet er innanfor 100-meters-belte til sjø. Planområdet er avgrensa til om lag 30 m ut i sjøen og er avgrensa av fjellssidene i vest og aust. Planområdet strekker seg opp i Erdal til og med ungdomshuset.

### Eigarforhold

Eigedomsgrenser er synlege på flyfoto under med raud samanhengande strek. Planavgrensinga er merka med raud, tjukk, stippla linje. Gjennom planarbeidet må det avklarast heimelshavarar i tillegg til bruksrettshavarar.



Planområdet omfattar 21 eigedomar. For dei fleste av desse eigedomane vil det berre vere aktuelt å oppdatere planstatus til dagens situasjon, då kommunen ikkje har nokon reguleringsplan som omfattar Erdal. Nærare sjøen kan det vera aktuelt med større utbyggingstiltak som f.eks kaietablering med næringsareal og utbygging til bustad- og fritidsføremål. Administrasjonen har gjennomført synfaring i planområdet nærast sjøen, der alle grunneigarane langs sjøkanten og tilgrensande areal var invitert. Dersom det blir aktuelt med anna enn oppdatering til dagens situasjon i resterande del av planområdet, vil det sjølvsagt verte synfaring også her.

### Status for planområdet i dag

Planområdet følgjer i stor grad strandsona og er i stor grad innanfor 100-meters-sona mot sjø. Området er prega av spreidd busetnad. Her ligg både enkelte bustadhus, eit forsamlingshus (Erdal Ungdomshus), nokre landbrukseigedomar, fritidsbusetnad, eit stengd masseuttak, ei eldre mølle, fylkesveg 243 (Nasjonale Turistveg) og kommunal veg mot Vindedalen. Eit område ved sjøen er regulert til industri, men er ikkje nytta til anna enn noko lager i dag. Området har ikkje reguleringsplan, men er omfatta av Kommunedelplan for Erdal frå 1995. Mykje av planstatus frå kommunedelplanen, stemmer ikkje med dagens situasjon, som for eksempel industri, grustak, fareområde (tankar med farleg innhald er fjerna) osv. Området er i dag nytta til noko beite og matproduksjon. Nokre av gardane held sau, og på ein gard er det hestebeite. Området er elles

prega av skog, svaberg, ur og graskledde attgroingsområde, der noko av arealet tidlegare har vore beitemark eller små åkerlappar.

### **3 Overordna føringar**

#### **Statlege bestemmelsar og retningslinjer**

Ei rekkje lover, forskrifter og retningslinjer vil leggjast til grunn for planarbeidet, f.eks:

Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008

Lov om vassdrag og grunnvann av 24. november 2000

Lov om vern mot forurensing og om avfall av 13. mars 1981

Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldloven) 19.juni 2009

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957

Lov om kulturminne av 10. juni 2005

Statlege planretningslinjer for barn og unge i planleggingen

Statlege planretningslinjer for universell utforming

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene, 2009

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

NVE sine retningslinjer for flaum og skredfare i arealplanar

#### **Kommunale planer og føringar**

Planområdet er omfatta av Kommuneplan for Lærdal (1995), der det meste av området er regulert til LNF-område, og noko til industri og grustak. Området har ikkje reguleringsplan, men er omfatta av Kommunedelplan for Erdal frå 1995. Mykje av planstatus frå kommunedelplanen, stemmer ikkje med dagens situasjon, som for eksempel industri, grustak, fareområde (tankar med farleg innhald er fjerna) osv. Det har vore gjeve dispensasjonar til utbygging til bustad- og fritidsføre mål. Kommunestyret har vedteke at det skal vurderast etablering av kai med tilhøyrande næringsareal i Bermålsviki. Omstillingsstyret har vedteke at det skal arbeidast vidare med kaietablering i Lærdal, i tillegg til at omstillingsstyret har vedteke at bustadutvikling i kommunen skal vera eit satsingsområde. Å vurdere utbygging av kai og leggje til rette for noko bustadutvikling, er i tråd med vedtak gjort av Omstillingsstyret.

### **4 Utredning og metode**

#### **Metode**

For relevante tema skal omfanget av planframlegget verte samanlikna med null-alternativet, det vil seia referansesituasjonen. Null-alternativet skal bli definert i konsekvensutgreiinga (KU). KU skal bli gjennomført etter ein tretrinns prosedyre med utgangspunkt i Statens vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyse, 2015:

- **Verdi:** Skildring av situasjonen i dag og verdivurdering av tema innanfor et angjeve område.
- **Omfang:** Vurdering av korleis og i kva grad (positiv/negativ) tiltaket påverkar området.
- **Konsekvens:** Vurdering av fordelane og ulempane planlagd tiltak vil medføra. Konsekvens kjem fram ved å samanstillast verdi og omfang.

I verdivurderinga er det verdien i samanlikningsåret i alternativ null som vert lagt til grunn. Endringar som følgje av vedtekne planar inngår som grunnlag for verdivurderinga. Alle tiltak som inngår i investeringskostnadane skal leggjast til grunn ved vurdering av omfang. Andre tiltak som fagutredar føresler, skal bli omtala som avbøtande eller kompenserte tiltak. Konsekvensen er basert på ei syntese av verdi og omfang.

### **Utgreiing- og vurderingstema for planarbeidet**

Føremålet med undersøkingane og konsekvensutgreiinga er å få oversikt over kva moglegheiter og konsekvensar ei tenkt utbygging har, slik at dette er kjend i det vidare arbeidet med plan og eventuelle avbøtande tiltak.

#### Risiko og sårbarheit

- Det skal gjennomførast ein ROS-analyse for heile planområdet etter NS 5814 (Norsk Standard).
- Det er gjennomført noko skredvurdering i sambandplanlegging av Mork kraftverk. Behov for supplering i andre delar av planområdet vil eventuelt koma fram gjennom arbeidet med ROS-analyse. Behov for supplering av vurdering av andre tema, som stormflo, flaum, støy, forureining osv, vil eventuelt koma fram gjennom arbeidet med ROS-analyse.
- Kjelder: NGI rapport for Lærdal kommune. Skredvurdering, Mork kraftverk. Aktsemdskart NVE.

#### Naturmangfald

- Naturmangfaldsutgreiing vert prioritert for område langs sjøen. For resten av planområdet skal temaet undersøkjast og skidrast i planomtala.
- Tema Naturmangfald skal utgreiast i 2 fasar:
- Fokus på naturlandskap og naturtype, dvs. dei overordna fagtema i tillegg til artskartlegging. Det siste gjeld for område langs sjøen. Viktige verditema er nasjonalt raudlista naturtyper (Artsdatabanken), nasjonalt viktige naturtyper (DN 2007) og utvalte naturtyper (UN).
- Kjelder: Felldata frå tidlegare KU-arbeid (for Mork kraftverk). Feltarbeid, datainnsamling.

#### Kulturminne

- Oversikt over automatisk freda og nyare tids kulturminne, samt marine kulturminne i planområdet. Marine kulturmiljø og-minne skal undersøkjast langs sjøkanten ved eventuell kaietablering.
- Vurdering av innverknaden tiltak i planområdet kan få for kulturminne

- Avklare behov for arkeologiske registreringar med Sogn og fjordane fylkeskommunen.
- Eventuelle tilrådingar av planløyisingar
- Kjelder: askeladden.ra.no, Sefrak-registeret rapportar, samt informasjon frå synfaring og grunneigarar i området.

#### Friluftsliv

- Temaet vert ikkje konsekvensutgreia, men skal skildrast og verte gjort rede for i planomtalen.
- Kartlegge eksisterande ferdsle/ turveggar innanfor planområdet.
- Fokus på tilrettelegging for aktivitet heile året, og i størst mogleg grad ta vare på turløyper, spesielt der ulike aldersgrupper vert ivaretekne.
- Kjelder: informasjon frå syfaring og grunneigarar i området.

#### Landskap og Reiseliv

- Skildre dei landskapsmessige konsekvensane av planlagde utbyggingstiltak. Temaet vert konsekvensutgreia for tema Landskap og Reiseliv. Konsekvensar for Nasjonal Turistveg Aurlandsfjellet skal vurderast.
- Fjern- og nærverknad vil bli synleggjort, og illustrerast i naudsynt grad.

#### Nærmiljø og samfunn

- Skildre kva konsekvensar eventuelle utbyggingar kan ha for nærmiljøet i Erdal, då spesielt knytt til eventuell kaiutbygging, og samfunnsmessige konsekvensar knytt til kaietablering i Lærdal. Temaet vert konsekvensutgreia.
- Kjelder: Rapport frå LNU angående kaietablering i Lærdal (er under utarbeiding).

#### Landbruk

- Skildre landbruket på Strendene og eventuelle konsekvensar ved utbygging av kai, bustadar og/eller fritidsbustadar.
- Temaet vert ikkje konsekvensutgreia, men temaet skal vera skildra og vurdert i planomtalen.
- Kjelder: Gardskart, landbruksmyndigheitene, informasjon på synfaring og frå grunneigarane.

#### Andre supplerande tema:

KU-utgreiast: Hydrologiske forhold (straum, djupne osv) Grunnforhold.

Vurderast i planomtale: Klimaendringar og klimagassutslepp.

## 5 Vidare planprosess og medverknad

### Planprosess og framdrift

Reguleringsplanen er ein områdereguleringsplan med KU på utvalde tema. Større utbyggingstiltak må følgjast opp med detaljregulering i etterkant.

Tabellen under syner planlagd framdrift:



PROSESSNAVN	FORVENTET FREMDRIFT
Utarbeiding av framlegg til Planprogram	Mai/juni 2017
Vedtak om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn	Juni 2017
Varsling om oppstart planarbeid og høyringsperiode for planprogram	Juli/Aug 2017
Vedtak av planprogram	August 2017
Analysearbeid, datainnsamling, utarbeiding av KU og planframlegg	August, September, Oktober 2017
Offentleg ettersyn av plandokument	November/desember 2017
Planvedtak	Januar 2017

## Medverknad

I planarbeidet skal det vurderast plassering av kaianlegg med næringsområde innanfor planområdet, samt noko mindre utbygging av bustadar og/eller fritidshus. Spesielt kaianlegg med næringsområde kan ha konsekvensar for nærmiljøet. Det er svært viktig at grunneigarane er godt informert i prosessen, og at dei får moglegheit til å koma med innspel til planarbeidet gjennom heile planprosessen. Det var synfaring i Erdal med grunneigarar og administrasjon 09.02.2017. Sakshandsamar har hatt kontakt med grunneigarar ved kontormøter og via telefon ved fleire høver.

Gjennom planprosessen etter Plan- og bygningslova har grunneigarar og naboar rettigheter kring medverknadmoglegheit. Oppstart av planarbeid vert kunngjort, og ein har moglegheit til å koma med innspel til både oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram for utgreiingar og vurderingar. Når planframlegget er klart, skal dette ha ein høyringsperiode på minimum 6 veker, der ein kan koma med innspel til framlegg til plan. Grunneigarar og naboar har og klagerett ved eit eventuelt vedtak av plan.

Også andre interesserte kan koma med innspel til planarbeidet, og offentlege etatar, lag og organisasjonar vert informert gjennom heile planprosessen, og kan koma med merknadar undervegs. Politikarane bør inviterast ut til synfaring i forkant av større vedtaksprosessar, som offentlig ettersyn og/eller vedtak av plan. Når planen vert lagt ut til offentlig ettersyn, bør det inviterast til opent informasjonsmøte.